



Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Linda Folkestad

Vår ref. Telefon
2013/3310 - 0 - 56375170
23997/2013

Arkivkode: Dato:
137/590 21.10.2013

Søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 137/590 Alver - bustad

Teknisk drift, VVA, syner til brev datert 07.10.13 vedr. søknad om avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining, Gbnr.137/590. Teknisk drift, VVA, stiller seg positive til etablering av avkjørsle for 1 bustadeining. Teknisk drift, VVA, vil gi løyve til etablering av avkjørsle for 1 bustadeining på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg, §§ 40-43 i Veglova, vegnormal 017 og handbok 231 (avsnitt om sikkerheitssoner omtalt i vegnormal 017 under avsnitt C.3.4.2). Det vert blant anna sett krav til utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering og at ein kan snu på eigen grunn.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart motteke 16.10.13.

Ytterligere informasjon vedr. tekniske krav finn ein på www.lovdata og www.vegvesen.no

Etablering av avkjørsler er søknadspåkravte tiltak etter plan og bygningslova. Før ein starter opp med bygging av avkjørsle, skal det ligge føre løyve til dette frå avdeling for byggesaker.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg, vegnormal 017 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettane De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve vert gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

for

Arne Eikefet
einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:
Einar Urheim

